



Norsk studentorganisasjon

ORDNING FOR FORFØLGDE STUDENTAR

Resolusjon vedtatt på Landsstyremøte 5-11/12 (01. - 03. juni 2012)

Utdanning er ein føresetnad for eit velfungerande samfunn. Studentaktivistar er ofte viktige endringsaktørar for demokrati og menneskerettar. Dette gjer også studentar til ei særskilt sårbar gruppe i mange land. Autoritære styresmakter går metodisk til verks for å temma studentmassen. Dei nyttar arrestasjonar, truslar og utvising som effektive midlar for å stoppa dei kritiske røstene til studentar. Då utdanning er det som definerer studenten, vil ei utvising vera eit alvorleg hinder for personleg utvikling og engasjement.

Men utvisinga rammar ikkje berre studenten. Ho har ofte konsekvensar for familiar og lokalsamfunn som har investert mykje i at studenten skal kunne studera. Utvisinga har ofte sterk avskrekkande effekt på andre studentar som kunne tenkast å syne eit tilsvarande engasjement. Ved å utvisa ein eller eit fåtal studentar, kan eit autoritært maktapparat dermed leggja lokk på ein stor og elles potensielt trugande masse. Sidan det viktigaste verkemiddelet eit maktapparat har for undertrykking av studentmassen er avskrekking har ein også eit betre høve enn elles til å kontra slik undertrykking. For å stimulera til fortsatt engasjement i studentmassen, vil det ha særst god effekt om ein kan hjelpa dei få studentane som vert nytta til å statuera eksempelet. Heller enn at studentar blir skræmde frå å engasjera seg, vil dei få høve til å fullføra ei utdanning og forma eit verdig liv til nytte for seg sjølve og samfunnet sitt. Kunnskapsdepartementet og UD er ansvarlige for at dei nødvendige rammevilkåra er på plass.

NSO ønskjer difor at det skal opprettast ei eiga ordning der studentar som er utvist frå lærestaden sin på bakgrunn av sitt politiske engasjement får fullført utdanninga si i Noreg. NSO vil i utgangspunktet føreslå ei prøveordning der 30 studentar får høve til å fullføra utdanninga si i Noreg

Norsk studentorganisasjon (NSO) er en interesseorganisasjon for studentdemokrati ved norske høyere utdanningsinstitusjoner. Nesten 200 000 studenter er tilsluttet studentorganisasjonen. NSO arbeider for studentenes faglige, sosiale og økonomiske rettigheter. Mer informasjon om organisasjonen finner du på www.student.no

